

Handlingskjede ved fråvær i barnehage

Definisjon på urovekkjande fråvær:

Gjentatt fråvær over fleire dagar/lengre periode, utan melding eller forklaring/årsak.

Til dømes; barn som bestemmer sjølv om dei vil eller ikkje vil i barnehagen, evt. andre årsaker knytt til fråvær jf. Kartleggingsskjema over risikofaktorar for fråvær.

Nivå 0:

Undring / Uro

- Pedagogisk leiar samtalar med barnet/ foreldre.
- Dersom fråvær over tre dagar utan beskjed, tek pedagogisk leiar kontakt med føresette.
- Drøft og avklar årsak til fråvær
- Dersom ingen grunn til uro, avslutt.
- Grunn til uro- gjentakande mønster, informer styrar. Gå til nivå 1.

Nivå 1:

Kartlegging og identifisering

- Pedagogisk leiar og styrar kallar inn til møte med føresette.
- Kartlegg årsak til fråværet og risikofaktorar
- Vurder og set i verk tiltak for å førebygge vidare fråvær
- Skriv referat i Vigilo der mål, tiltak og ansvar er tydeleg
- Avtal nytt møte seinast etter 2 månadar for evaluering av iverksette tiltak.
- Informer om aktuelle samarbeidspartnarar som kan gje støtte og rettleiing til familien.
- Dersom framleis grunn til uro. Gå til nivå 2.
- Innhent skriftleg samtykke til tverrfagleg samhandling.

Nivå 2:

Behov for tverrfagleg innsats

- Ved samtykke kallar pedagogisk leiar/styrar inn til samarbeidsmøte med føresette og eventuell ny aktuell teneste.
- Utarbeid nye mål og tiltak i samarbeid med føresette og evt. hjelpetenester.
- Evaluer effekt av tiltak etter 1-2 månader. Hald fram med tiltak som har effekt.
- Dersom behov for nye tiltak: lag ny plan, eller gå til nivå 3

Nivå 3

Behov for utvida tverrfagleg samarbeid

- Pedagogisk leiar og styrar kallar inn til utvida tverrfagleg møte med aktuelle tenester. Vurder behovet for vidare tilvising til andre kommunale tenester eller 2.linjetenester.
- Lag plan med nye mål og tiltak, fordel ansvar.
- Evaluer tiltak etter seinast fire veker. Hald fram med tverrfagleg innsats fram til barnet sin situasjon ikkje lenger vekkjer uro.